

## Referat frå utvida AU møte 20.10. 2017

Tilstade Ordførar Morten Storebø, Austevoll, Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar, ordførar Gaute Epland, Stord, ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes, ordførar Siri Klokkestuen, Etne, Ordførar Jorunn Skåden, Sveio, Ordførar Odd Harald Hovland, Bømlo kommune, Peder Sjø Slettebø, rådmann Geir Aaga, Bømlo, til og med sak A-39/17. Gro J. Gjerde frå administrasjonen.

### Bakgrunn for møte

Det var lagt opp til eit fellesmøte med Fylkestings- og stortingsrepresentantane frå Sunnhordland.

Dette vart utsett då Fylkesrådmannen skulle leggja fram budsjettet for 2018 same dag. Fellesmøte vart difor flytta til møte mellom formannskapa som skal vera 24.11.

Det var likevel lagt opp til informasjonar, og saker som måtte drøftast, og heile Samarbeidsrådet var difor kalla inn til eit utvida Arbeidsutval.

### Orienteringssaker:

Norwegian Clean Energy Cluster v/ Anette Sæter, Haugaland vekst  
Maritim Clean Tech v/ Pål G. Eide  
Sunnhordland Museum v/ Håvard Tvedte mf.

### **A-36/17      Uttale investeringsprogram for fylkesvegnettet**

Framlegg til uttale var sendt ut på førehand.

### I møte

Administrasjonen orientert om at ei side av framlegget ikkje var komen med. Dette gjaldt blant anna del om snøggått. Administrasjonen hadde difor teke inn uttalen frå Bømlo, samt ein del om reiseliv som oppfølging av vedtak i fylkestinget.

Det kom framlegg om å ta med innspel frå ordførar Kåre Martin Kleppe vedrørende ferjeavløysingsmidlar. Dette var sendt ut på førehand.

Ordførar Jorunn Skåden tok opp behov for oppfølging av investeringsbehovet i Hauglandspakken som gjeld Etne og Sveio.

### Etter drøfting og justeringar vart ein samde om følgjande uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i møte 20. oktober drøfta framlegg til investeringsprogram for fylkesvegnettet.

Samarbeidsrådet er klar over at dei økonomiske rammene til drift, vedlikehald og investeringar på fylkesvegnettet gjev lite handlingsrom. Samarbeidsrådet vil likevel peika på nokre områder det må gjerast nye vurderingar og avklaringar på.

### **Fylkesvegnettet**

Kommunane i regionen har i sine uttalar peika på sine prioriteringar og utfordringar for finansiering av sine veganlegg. Samarbeidsrådet støttar opp om desse uttalane.

Samarbeidsrådet ser at framlegget gjer utfordringar for finansiering av vegnett som er klassifisert som «øvrig vegnett». Det må difor gjerast ei vurdering på å finna løysingar.

I tillegg er det viktig å sikra at kommunane også vidare har moglegheit til å forskottere vegprosjekt utan at dei er knytt opp til bompengeprojekt.

Samarbeidsrådet ber om at investeringsbehovet på hordalandssida i Haugalandspakken vert ført opp med naudsynte løyvingar. Det må også sikrast løyvingar til oppfølging av vedtekne bompengepakkar.

### **Ferjeavløysingsmidlar**

Denne ordninga er framtidsretta og vil gje nye moglegheiter for dei lokalsamfunna dette gjeld. Samarbeidsrådet har heilt i frå første dialogmøte trekt fram kor viktig det er at Hordaland fylkeskommune prioriterer dette.

Slik me les framlegg til investeringsbudsjett, er det ikkje prioritert planmidlar til dette.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland viser til kap 4.2.2 i RTP 2018-2029, av juni 2017, og ber om at intensjonen i dette avsnittet vert vidareført i investeringsprogrammet, og at teksten i investeringsprogrammet for RTP 2018-29 vert endra:

Følgjande setning vert stroke: "Det blir lagt til grunn at desse prosjekta ikkje skal tilførast budsjettmidlar frå fylkesbudsjettet utover ordninga."

Setningen vert erstatta av: "Det blir lagt til grunn at desse prosjekta vert fullfinansiert med ferjeavløysingsmidlar, bompengar, kommunale tilskot og prosjektrelaterte inntekter som fylket får som mva. kompensasjon, rentekompensasjon etc. og sparte kostnader for fylket ved realisering av dei aktuelle sambanda som er vist til i RTP."

Ferjeavløysingsprosjekta i Hordaland fortener å få meir merksemd i investeringsprogrammet.

### **Snøggbåttilbod**

Planen må ha klare føringar på snøggbåttilbodet i Sunnhordland si rolle med omsyn på å sikre gode snøggbåttilbod internt i regionen og inn mot regionsenteret spesielt, og å styrka kapasiteten i snøggbåttilbodet mellom regionen og Bergen/Flesland. Dette blir spesielt viktig når me kan konstatera at ferjefri E39 mest sannsynleg ikkje er realisert i planperioden.

Syner elles til vedtak under kap. 6.3.4 Reiseliv og kollektivtransport, "Snøggåten i Sunnhordland er eit reiselivstilbod med unytta potensiale. Snøggåten i Sunnhordland må marknadsførast som eit reiselivsprodukt langs heile ruta, slik andre ruter er.»

Me kan ikkje sjå at dette vedtaket er følgt opp i investeringsprogrammet og ber om at det vert synleggjort korleis dette viktige arbeidet skal finansierast.

### **Vedtak**

Samrøystes

#### **A-37/17 Gjennomgang av program for felles formannskapsmøte**

Stortings- og fylkestingsrepr. frå Sunnhordland er invitert til felles formannskapsmøte 24. november. Administrasjonen har bedt dei av stortingsrepresentantane som har takka ja til møte om å halda eit kort innlegg der dei tek eit skråblikk på regionen. Før programmet vert sendt ut ønskjer administrasjonen at ein tek ein gjennomgang og ser om det er tema som er utegløynd. Forslag ligg vedlagt.

### **I møte**

I møte vart ein samde om at delen «Skråblikk på Sunnhordland « bør kortast inn. Ferje Stord-Kvinnherad går ut, snøggåten inn i staden for.

#### **A-38/17 Uttale «Vegleiar for knutepunktutvikling»**

### **Framlegg til vedtak.**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at «Veileder for helhetlig knutepunktutvikling» er eit godt verktøy for dei som skal arbeida med utvikling av knutepunkt.

Gruppa som arbeider med «Bussen i Sunnhordlandsbassenget» bør arbeida med/vurdera vegleiar i sitt arbeid.

### **Vedtak**

Samrøystes.

#### **A-39/17 Geopark – vidare arbeid**

Ordførar Odd Harald Hovland og ordførar Wenche Tislevoll gav ei kort orientering om studietur til Geopark Odsherred i Danmark.

Administrasjonen gav ei kort orientering om status.

Har gjennomført ein forstudie som såg på om det er grunnlag for ein geopark. Konklusjon er at det er mogleg.

Er i ein mellomfase no, der fokus er organisering og drift og avklaring på geologisk grunnlag.

Har hatt 9 geologi professorar som har gjort si tilråding. Av internasjonal interesse er «øybogen», som går gjennom Ølve, Tysnes, Austevoll, Fitjar, Stord og Bømlo - og til Utsirahøgden. Det er og andre interessante «geosites» i dei andre kommunane, men denne er av internasjonal geologisk interesse..

Styringsgruppa rår til ei organisering som ein klyngemodell. Då treng ein ikkje skipa eit nytt selskap, men vidareutvikla eit samarbeid mellom Sunnhordland museum, Moster Amfi, visitsunnhordland og Folgefonnsenteret som sentrale aktørar.

Dette såg ein og i Odsherred, dei varorganisert med ein desentralisert struktur.

I ettertid er det kome opp eit program i frå NGU om ein nasjonal status med søknadsfrist 31.mars. Dersom Sunnhordland kjem med her, vil det vera ei prekvalifisering til UNESCO status.

#### **A-40/17        Strandsoneplan**

I møte 7. september (sak 22/17) vart det bestemt at styreleiar skulle ta kontakt med fylkesmannen for ei avklaring. Dersom dette ikkje var på plass innan kort tid, skulle ein sende strandsoneplanen til departementet for avklaring.

Fylkesmannen har framleis ikkje respondert og planen vil difor no verta oversendt til Kommunal og regionaldepartementet. Det bør i møte drøftast om nokre av ordførarane bør be om eit møte med departementet, samstundes som planen vert oversendt?

#### **I møte**

Planen bør ikkje gå til departementet før planen er godkjent i kommunane.

Administrasjonen vart beden om å laga utkast til Fylkesmann om at kommunane no må godkjenna planen, og at mykje planarbeid er sett på vent sidan arbeidet har dratt ut i tid. Administrasjonen vart beden om å skriva eit brev til Fylkesmannen der konsekvensane for kommunane ved at dette dreg ut i tid kjem fram.

#### **A-41/17        Kontaktutvalet for E39**

Det er lenge sidan det har vore møt ei Kontaktutvalet for E39, og administrasjonen vart beden om å kontakta fylkeskommunen for ein status.

#### **A-42/17        Fengsel på Haugaland/Sunnhordland**

Styreleiar gav ei orientering frå fellesmøte med AU i Haugalandrådet der dette var eit av tema. Kriminalomsorgsdirektoratet har under utarbeiding ein KVVU som ser på behov for fengsel på Vestlandet. Haugesund og Ålesund er del av dette arbeidet. Den skulle koma i haust, men kjem over nyttår.

Det var ei drøfting på utfordringar med lokalisering av fengselet, men må venta til KVVU er lagt fram.

#### **A-43/17        Ferjesambandet Kvinnherad-Stord**

Ordførarane i Stord og Kvinnherad vil i møte gje ei kort orientering om status.

I møte

Det er framdrift i prosjektet

#### **A-44/17        Møteplan 2018**

Administrasjonen har utarbeidd forslag til møteplan for 2018. Møta i Samarbeidsrådet vert halde på omgang i kommunane. Administrasjonen ønskjer å drøfta om det kan vera ein ide å ta møta i Samarbeidsrådet i 2018 i ulike bedrifter i regionen og samstundes få ein bedriftspresentasjon? Endeleg møteplan vil verta lagt fram i møte 7. desember.

#### **I møte**

Teken til orientering og kjem som sak i møte i desember.

#### **A-45/17Karmsund Bulkterminal og Trafikkhamna på Husøy – invitasjon til omvising**

Hamnedirektør Tore Gautesen har teke kontakt for å invitere Samarbeidsrådet på eit besøk for omvising i gods- og fiskerihamna på Husøy. Denne invitasjonen er kome på bakgrunn av at Samarbeidsrådet gav støtte i 2014 til bygging av bulkterminalen.

#### **I møte**

Teken til orientering

#### **A-46/17 Erasmus+**

Det ligg store moglegheiter for studieturar i regi av EU sit mobilitetsprogram Erasmus+. Neste søknadsfrist er i januar 2018. Bør Samarbeidsrådet søkja til kva og til kor?

#### **I møte**

Dette er aktuelt for Samarbeidsrådet å gjennomføra ein studietur i denne valperioden. Innspel til tema kan spelast inn til administrasjonen.

#### **A-47/17 Byregionprogrammet – samling i Haugesund 25 og 26 oktober**

Det vert nasjonal samling for Byregionprogrammet 25 og 26 oktober i Haugesund. Tema for samlinga er «Tiltak for regional vekstkraft». Kva skal til for at regionale tiltak blir iverksett? Kva verker og kva tiltak styrker den regionale vekstkrafta?

#### **I møte**

Dagleg leiar orienterte om at ordførarane, som er del av styringsgruppa, i nær framtid vil få ein spørjeundersøking om programmet. Kan vera ei utfordring å skilja byregionprogrammet frå Samarbeidsrådet.

#### **A-48/17 Møte 7-8 desember i Bergen**

Det vert møte på Hotel Neptun 7-8 desember med Byrådet, fylkesordførar og fylkesrådmann. På grunn av tett program må møte starta ca kl. 11.00 torsdag 7 desember.

#### **I møte**

Teken til orientering

#### **A-49/17 Ymse**

##### **Kystsoneplan**

Ordførar Morten Storebø orienterte om at Austevoll formannskap vil klaga planen til departementet. Det har kome endringar i lov om klage i høve til regionale planar.

Det var oppstart av denne planen etter tidlegare Plan og bygningslov, men den er endra i planperioden. Spørsmålet er då kva lov som gjeld.

Slik lova er no skal Hordaland fylkeskommune ta kontakt med kommunane for å avklara om motsegn framleis gjeld. Dersom ja, skal fylkeskommunen oversenda plan til departementet.

Etter gamal Plan og bygningslov må kommunane aktivt klaga på planen.

Austevoll ber no om ein juridisk gjennomgang, og deler dette med andre kommunar som vil klaga, om det er ynskeleg.

### **Etablering av Biltema på Heiane Vest.**

Ordførar Gaute Epland, Stord kommune tok opp at Fylkesrådmannen har innstilt negativt til til ei sak vedrørende flytting og utviding av Biltema til Heiane Vest. Bakgrunn for innstillinga er blant anna knytt til vedtak i Regional plan for attraktive senter, som i denne saka eigentleg opphevar kommunalt planverk vedrørende utvikling av Heiane Vest.

I møte vart ein samde om at administrasjonen skriv eit brev til støtte for etableringa.

### **Brannsamarbeid**

Ordførar Kåre Martin Kleppe tok opp brannsamarbeidet i regi av Bergensalliansen.

Slik det er no er det ikkje samsvar mellom 110 sentralen til Stord, Bømlø og Fitjar mot Bergen, samt beredskapen i Hordaland. Kleppe stilte spørsmål om Bergensalliansen skal gå i bresjen for å få flytta sentralen.

Konklusjonen vart at det må gjerast ein skikkeleg gjennomgang før ein kan ta ei slik avgjerd.

### **IKT samarbeid**

Ordførar Kåre Martin Kleppe tok opp IKT samarbeid. Han viste til samarbeidet i Nordhordland, der også Austevoll er med. Dei har høve til å utvida med fleire kommunar, og dette bør vera av interesse for Sunnhordland.

Ein var samde om at rådmennene bør sjå på dette.